

Høddvoll barnehage

Årsplan
Barnehageåret 2026/2027
Kathrin Rise, styrar



ULSTEIN KOMMUNE

Kontaktinformasjon Høddvoll barnehage

Besøksadresse:

- ▶ Varleitevegen 1
- ▶ 6065 Ulsteinvik

Postadresse:

- ▶ Pb: 143
- ▶ 6067 Ulsteinvik

Telefonnummer:

- ▶ Styrar: 908 80 048
- ▶ Avdeling Mikkel: 904 70 179
- ▶ Avdeling Klatremus: 901 28 241
- ▶ Avdeling Brumlemann: 404 00 469

E-post:

- ▶ Styrar: kathrin.rise@ulstein.kommune.no
- ▶ Avdeling Mikkel:
camilla.teige.lauvas@ulstein.kommune.no
marie.eidem.brandal@ulstein.kommune.no
- ▶ Avdeling Klatremus:
eirin.osnes@ulstein.kommune.no
- ▶ Avdeling Brumlemann:
ashild.mork@ulstein.kommune.no

Innhold i årsplanen:

- ▶ 1 Høddvoll barnehage
- ▶ 2 Bakgrunn for årsplan
- ▶ 3 Pedagogisk grunnsyn
- ▶ 4 Formål og innhold
- ▶ 5 Fagområda
- ▶ 6 Pedagogisk verksemd
- ▶ 7 Satsingsområder
- ▶ 8 Kompetanseheving i samarbeid med Høgskulen i Volda
- ▶ 9 Overgangar
- ▶ 10 Samarbeid



1. Høddvoll barnehage

Høddvoll barnehage er ein kommunal barnehage i Ulstein Kommune. Barnehagen held til i Varleite og har tre avdelingar; Mikkel, Klatremus og Brumlemann.

Vi jobbar i små grupper der personalet er tett på barna for å skape eit trygt barnehagemiljø.

Inkluderande barnehagemiljø er vårt hovedsatsingsområde. I tillegg er også natur, helse og rørsle satsingsområde i tida framover. Vi har kort avstand til skog, fjell og idrettsanlegg som gir oss varierte opplevingar i nærområdet. Vi har ca 50 barnehageplassar og ca 12 årsverk.

1.1 Høddvoll barnehage sin visjon:

*Tett på
her og no,
- for ei god framtid*

I visjonen synleggjer vi praksisen som vi skal strekke oss mot. Personalet skal vere både fysisk og mentalt, tett på barna. Det mentale er svært viktig for å forstå barna sine uttrykk og behov. Denne praksisen gir tryggleik for barna og eit godt grunnlag for livet vidare.



1.2 Verdiane i Høddvoll barnehage

Samtidig som vi jobbar mot visjonen, skal følgjande verdier vere med oss i arbeidet med barna:

- ❖ Tryggleik
- ❖ Meistring
- ❖ Glede



2. BAKGRUNN FOR ÅRSPLAN

Etter føringar frå barnehagelova § 2 og *Rammeplan for barnehagen* sitt innhald og oppgåver, er barnehagen pålagt å utarbeide ein årsplan.

Årsplanen skal vise korleis barnehagen arbeider for å oppfylle måla og innhaldet i rammeplanen, og skal vere eit verktøy for å sikre kvalitet og kontinuitet i det pedagogiske arbeidet.

Samarbeidsutvalet skal fastsetje planen.

2.1 Funksjonar for årsplanen

Årsplanen skal vere ein arbeidsreiskap for personalet i barnehagen for å sikre at verksemda vert styrt i ei målretta retning. Planen skal vere eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. Den er også eit dokument som Ulstein kommune kan drive tilsyn utifrå med informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen - til eigar, kommuna, samarbeidsutval og andre samarbeidspartnarar. Årsplanen viser korleis vi arbeider med omsorg, lek, danning og læring i lys av verdigrunnlaget i barnehagen.

Gjeldande rammeplan vart sett i verk frå 1. august 2017. Rammeplanen synleggjer samfunnsmandatet Stortinget har gitt barnehagen gjennom barnehagelova. Rammeplanen er ei forskrift til lova og er forpliktande å jobbe etter for barnehagen. Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sine behov for omsorg og lek, og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Vi skal sjå lek, omsorg, læring og danning i samanheng. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet

3. PEDAGOGISK GRUNNSYN

3.1 Barnesyn

Rammeplanen legg stor vekt på eit inkluderande og respektfullt barnesyn, der barn vert sett på som kompetente individ med eigne meningar og rettar. Barnehagen skal anerkjenne barnet som eit aktivt og sjølvstendig menneske med rett til å uttrykke seg og bli høyrte. Barna skal føle seg sett, høyrte og møtt. Barna sine subjektive opplevingar skal leggjast til grunn for planlegging, gjennomføring og evaluering av aktivitetar, lek og overgangar. Medverknad frå barna er ein føresetnad for å oppleve tryggleik, meistring og glede.

Høddvoll barnehage sitt pedagogiske syn er tufta på den nordiske barnehagetradisjonen. For oss betyr dette ein barnehage med fokus på trygge relasjonar, lek, natur og friluftsliv.

Lek har ein viktig plass i barnehagekvardagen. Den frie leiken som oppstår mellom barn er ein viktig arena for inkludering gjennom venskap, fellesskap, læring og danning.

Natur og friluftsliv er ein stor del av kvardagen for barna i Høddvoll barnehage. Det er ein naturleg progresjon frå å verte kjent med uteområdet vårt som liten, til å gradvis utvide kjennskapen til nærområdet gjennom korte og lengre turar.

Relasjonar er grunnleggande for å oppleve tryggleik, meistring og glede. Personalet har hovudansvar for å utvikle gode relasjonar til alle barn, føresette og kollegaar. Det er også dei tilsette som har ansvaret for at barna utviklar gode og trygge relasjonar seg i mellom. Gode relasjonar og det å føle tilhøyrse er viktig for utvikling, god psykisk helse og livsmeistring. Arbeidsmåtene i barnehagen tek vare på barnet sine behov for omsorg og lek, fremmar læring og danning og gir barna gode høve for medverknad.

3.2 Autoritativ vaksenrolle

Forsking viser at vaksne som kombinerer høg grad av varme og relasjonsbygging med tydeleg kontroll, skapar dei beste og tryggaste læringsmiljøa for barn. Ein slik vaksenrolle bidreg til å førebyggje mobbeåtferd og fremjar sosial tryggleik og utvikling.

Den autoritative vaksenrolla skal vere ein felles plattform for profesjonsutøving i barnehagen. Gjennom omsorgsfulle og stabile relasjonar mellom barn og tilsette, legg ein grunnlaget for å kunne stille realistiske forventningar og adekvate krav. Dette styrkjer barn si evne til livsmeistring og sosial kompetanse.

Kjenneteikn ved den autoritative vaksenrolla:

- ▶ **Kontroll og struktur:**
 - ▶ Positiv grensesetjing
 - ▶ Klare forventningar
 - ▶ Krav om positiv åtferd tilpassa alder og modning
-
- ▶ **Relasjon og varme:**
 - ▶ Utøving av omsorg og støtte
 - ▶ Evne til å ta andre sine perspektiv
 - ▶ Bygging av trygge og tillitsfulle relasjonar

3.3 Læringsmiljø



Barnehagen skal skape eit godt leike og læringsmiljø med vekt på likeverd og mangfald. Dei ulike miljøa skal stimulere til ulike aktivitetar, opplevingar og sanseinntrykk.

I det fysiske miljøet ligg også moglegheitene og behovet for å dele barna inn i mindre grupper med dei tilsette tett på.

Vi har mange små rom, der små leikegrupper får tid og rom til å utfolde seg i leiken, og får tett oppfølging av den/dei tilsette som har ansvar for det aktuelle leike-sona eller rommet.



► Det fysiske læringsmiljøet ute, er også viktig. Barnehagen har fokus på lek og læring ute; både innanfor og utanfor barnehageområdet. I tillegg til det ordinære leikearealet ute, har vi eit eige skogs/natur-område og grønsakhage knytt direkte til barnehageområdet. Dei ulikt utforma uteområda til barnehagen, gir barna varierte opplevingar gjennom lek, utforsking og aktivitet i naturen.

► Både Klatremus- og Brumlemanngruppa har to faste tur dagar. I tillegg har dei eldste ein utedag; som blir nytta på dei ulike områda til barnehagen.



► Læringsmiljøet til barna er knytt tett opp til arbeidsmiljøet for dei tilsette i barnehagen, og vi har stort fokus på dette temaet. HMS-gruppa har eit særskilt fokus på arbeidsmiljøet i barnehagen. Eit godt og trygt arbeidsmiljø med høg grad av psykologisk tryggleik og omsorg, gir eit viktig grunnlag for barna sitt psykososiale miljø i barnehagen.

4. FORMÅL OG INNHOLD

Barnehagens skal i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.» (Barnehagelova §1)

Det går vidare fram av barnehagelova §1 at barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet- verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

Rammeplanen er tydeleg på at barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling



4.1. Omsorg

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.

Alle skal oppleve at dei blir sett, høyrte og møtt og få den hjelp og støtte dei har behov for. Dette ser ein konkret gjennom at vi deler barnegruppa i mindre grupper for å sikre vaksne si nærheit til kvart enkelt barn gjennom heile barnehagedagen.

Vi legg til rette for at det skal utvikle seg omsorgsfulle relasjonar mellom vaksne og barn og mellom barna. Dette er grunnlaget for tryggleik, trivsel, glede, utvikling og læring. Høddvoll barnehage har fokus på den autoritative vaksenrolla.



4.2 Leik

Leiken har ein sentral plass i Høddvoll barnehage, og vi legg til rette for mykje tid og rom for den frie leiken. Barna skal få oppleve eit inkluderande miljø der alle kan delta i leiken, og erfare glede og meistring i leik.

Leiken har ein stor eigenverdi og er den viktigaste aktiviteten for barn si utvikling og læring.

Gjennom leiken utviklar barn sosiale, emosjonelle, språklege, kognitive og kroppslege ferdigheiter. Gjennom sosialt samspel med andre, og då spesielt i forbindelse med rolleleik, har barnet moglegheit til å uttrykke følelsar og bearbeide kjenslemessige opplevingar.



For å kunne skape og oppretthalde eit godt og inkluderande leikemiljø, krev det tilrettelegging, kreativitet, nærvær og aktiv deltaking av dei vaksne. Leiken har stor kraft til å samle og skape fellesskap, men den har også et stort potensial til å skape utanforskap for enkelte barn. Derfor er det viktig at personalet er aktive i leiken, slik at ein kan støtte og rettleie dei barna som treng det, og avdekke tidleg uheldige leikemønster som kan utvikle seg til mobbing. Det at leiken er så viktig for læring og utvikling av vennskap, gjer at vi må jobbe for at alle meistrar leiken. Det å etablere vennskap og oppleve positiv leik, er også viktig for livskvaliteten, sjølvbiletet og sjølvfølelsen.

4.3 Læring

Vi legg til rette for at barna skal oppleve eit stimulerande miljø, som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Samtidig som vi tek omsyn til barns interesser og meiningar, er det viktig at vi introduserer nye tema, situasjonar og materiale for å stimulere til allsidig utvikling og læring.

Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Alle barna skal få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar.



4.3.1 Progresjon

Barnehagen skal støtte barna si utvikling ut i frå alder, føresetnader, interesser og behov. Progresjon inneber at alle barna skal få utvikle seg, lære og oppleve framgang ut frå sin eigen ståstad.

Vi legg vekt på at det enkelte barn skal få utvikle seg og modnast uavhengig av alderstrinn. Kvart barn skal ha noko dei kjenner seg trygge på og kjenne meistring. Dei må også ha noko å strekke seg etter. Barn utviklar seg i ulikt tempo og med ulikt fokusområde. Personalet skal utvide og byggje vidare på barna sine interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Vi ser på progresjonen som ein krets der alt heng saman, og der dei ulike utviklingsområda påverkar kvarandre.

4.4 Danning

Danning er ein livslang prosess som handlar om å utvikle identitet, sjølvkjensle og evne til refleksjon. Dette skjer i nære relasjonar til andre gjennom heile livet. Vi skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.

Høddvoll barnehage skal fremje samhald og solidaritet, samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsetjast og følgast opp. Det er også viktig at barna utviklar kritisk tenking og vurderingsevne, slik sikrar vi også respekt for mangfaldet, både i små og store grupper.



4.5 Vennskap og fellesskap

Vennskap bidrar til utvikling av viktig sosial kompetanse som empati, sjølvhevdning og evne til å samarbeide. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel.

I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Å vere en del av eit fellesskap gir barna en følelse av trygghet og tilhørighet. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å mestre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov. Vi skal støtte barna i å setje egne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar.

Barn som har nære og trygge vennskap har mindre risiko for å bli utsett for mobbing. Gode relasjonar spelar ei sentral rolle i sosialiseringssprosessen og fremjar positiv utvikling - både i barnehagen og vidare gjennom livet.



4.6 Samiske barn

- ▶ Barnehagen skal gjere samisk kultur synleg og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapsfølelse for det samiske mangfaldet.
- ▶ Samiske barn i barnehage skal få støtte til å ta vare på og utvikle språket sitt, kunnskapen sin og kulturen sin uavhengig av kvar i landet dei bur. Innhaldet i barnehagetilbodet til samiske barn utanfor samiske distrikt skal tilpassast den samiske bakgrunnen til barna.



5 Fagområda

5.1 Kommunikasjon, språk og tekst

►Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

►Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining. Dei tilsette skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

►Personalet har ansvar for å invitere alle barna med i desse språklege aktivitetane. Dei vaksne må legge til rette for at alle får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for egne tankar og for å uttrykke egne meningar og følelsar. Personalet skal fremme tillit mellom barna og dei vaksne og barna imellom slik at barna kjenner seg trygge og kan oppleve glede ved å kommunisere og bruke språket sitt. Det er ein stor fordel at barna har tilgang til eit breitt utval bøker i barnehagen. Difor har vi eit samarbeid med biblioteket, som leverer bokkassar til oss og byter dei ut omtrent kvar tredje månad.



5.2 Kropp, rørsle, mat og helse

► Vanar og handlingsmønster blir forma frå tidleg alder. Gode vanar som barn tileignar seg i barnehagealderen kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn får oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, samt fremje mentalt og sosialt velvære, og styrke både fysisk og psykisk helse. Barna skal inkludertast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring. Barnehagen skal bidra til at barna blir trygge på og kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser.

► Naturen er ein god, viktig og variert arena for både rørsle og helse. Gode opplevingar i naturen vert nyttige erfaringar, positive opplevingar og gode minner som er bra for både den fysiske og psykiske helsa. Det er også viktig at barna får kunnskap om miljøvern; korleis dei aktivt kan bidra til å ta vare på naturressursane våre.

► Gjennom medverknad i mat- og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete næringsrik og variert mat, og utvikle ei grunnleggjande forståing for korleis gode kostvanar kan fremje helse og trivsel.

► Barna lærer å ta passe porsjonar, kjenne etter mettheit og redusere matsvinn. Vi snakkar om kvar maten kjem frå, korleis vi tek vare på ressursane våre, og korleis vi kan bruke restar på ein god måte. (Prosjekt; matsmart)

► Grønsakhagen er ein viktig læringsarena for dette fagområdet. Barna vert involvert i dei ulike gjeremåla gjennom året; frå såing til hausting.

► Høddvoll barnehage støttar seg på rettleiaren frå Helsedirektoratet: "Mat og måltider i barnehagen", nasjonal fagleg retningslinje, oppdatert 2024. Vi har tett samarbeid med Helsestasjonen og klinisk ernæringsfysiolog om kosthaldet i barnehagen



5.3 Kunst, kultur og kreativitet

Opplevelingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon.

Barna skal støttast i å vere aktive og kreative i ulike kulturelle og kunstnariske prosessar, og bidra til at dei opplever glede og stoltheit over si eiga kulturelle tilhøyrslø. Gjennom møte med eit mangfald av tradisjonar og uttrykk frå både fortid og samtid, skal barna få innsikt i ulike kulturar. Kulturelt mangfald skal verdsetjast som ein ressurs og styrke fellesskapet i barnegruppa.





5.4 Natur, miljø og teknologi

Opplevelingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling.

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider og vêrforhold.

Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring. Samstundes skal barnehagen støtte barna i å vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen og gi dei erfaringar med bruk av teknologi og reiskapar som ein del av utforskinga.



5.5 Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande.

Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

Gjennom daglegdagse situasjonar og aktivitetar arbeidar vi med fagområdet gjennom leiken via samanlikning, sortering, teljing, former og mønster mm. Det kan også handle om å oppleve og erfare seg sjølv og andre som ein del av rom i rommet. På same måte tek vi med oss fagområdet inn i uteleiken og ut på tur.




5.6 Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdier, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske.

Her tek vi til ei kvar tid utgangspunkt i barnegruppene og livssyna som er representerte. Aktivitetane og markeringane vil då variere frå år til år. Samarbeid mellom barnehage og heim blir heilt sentralt i ein slik prosess. Difor har vi dette som tema frå første foreldresamtale slik at ein kan bli godt kjent med foreldra og føresette sine forventningar og få tid til å legge inn eventuelle tema i årshjulet vårt.



5.7 Nærmiljø og samfunn

► Barnehagen skal vere ein arena der barn får oppleve og utforske mangfaldet i samfunnet og nærmiljøet. Dette inneber at barna skal få kjennskap til ulike levemåtar, tradisjonar, kulturar og samfunnsformer. Barnehagen skal støtte barna i å utvikle respekt og forståing for ulikskap, og bidra til at dei får innsikt i både lokale og globale samfunnsforhold. Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Turar, opplevingar og samtalar i og om nærmiljøet skaper tilhøyrslø og fellesskap.

► Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrslø til nærmiljøet.



6. PEDAGOGISK VERKSEMD

- Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast



[illegible]

6.1.1 Barns medverknad

Med praksis der barna skal sjåast, høyrast og møtast så skal barns medverknad vere i fokus i Høddvoll barnehage.

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1.

Gjennom barnehagekvardagen er dei vaksne tett på barna. Dei vert godt kjende med barna og vil utvikle god forståing for kvart enkelt barn og for barnegruppa.

Barna skal oppleve at dei har innverknad på det som skjer i barnehagen, og medverke på måtar som er tilpassa alder, erfaringar, føresetnader og behov.



6.1.2 Medverknad frå foreldre/føresette

Trygge og respektfulle relasjonar med foreldre/føresette gir verdifull kunnskap om barna, som vi tek med i planlegging av barnehagetilbodet. Foreldra har rett til medverknad i barnehagen og det vert lagt til rette for god dialog og tilbakemeldingskultur i barnehagen.

6.2 Årshjul for Høddvoll barnehage

August	September
Tilvenning	Nærmiljø og samfunn
Overgangar	Haust
	Brannvern
Oktober	November
Kommunikasjon, språk og tekst	Kunst, kultur og kreativitet
Haust	Vinter
Desember	Januar
Etikk, religion og filosofi	Digital praksis
Vinter	Vinter
Advent og jul	
Februar	Mars
Mengd, rom og form	Etikk, religion og filosofi
Samisk kultur	Vår
Vinter	Påske
Brannvern	
April	Mai
Natur, miljø og teknologi	Kropp, rørsle, mat og helse
Vår	Vår
Påske	Nasjonaldagen 17.mai
Ramadan og Id	Overgangar
Juni	Juli
Sommar	Sommar
Overgang	
Førstehjelp for dei eldste	

Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og synleggjer vår praksis, saman med månadsplan som viser meir detaljar for det pedagogiske opplegget.

Månadsplan vert utarbeidd for kvar periode, både til internt bruk og sendt ut foreldre/føresette. Dokumentet er levande og kan bli endra undervegs med tanke på barns og foreldre sin medverknad eller andre rammer i endring.

Månadsoppsummering blir sendt ut i etterkant av kvar periode som ein del av dokumentasjonen.

6.3 Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal skildrast, analyserast og tolkast ut i frå barnehageplanane (årsplan og månadsplan), barnehagelova og rammeplanen.

Heile personalgruppa skal vere involvert i vurderingsarbeidet, og felles refleksjon gir oss utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Kunnskap om trivsel og allsidig utvikling til barnegruppa og enkeltbarn er viktig for å gi alle eit tilrettelagt tilbod.

I Høddvoll barnehage vurderer vi det pedagogiske arbeid på ulike måtar:

- ▶ Samtalar med barna
- ▶ Samtalar med foreldra
- ▶ Personalmøter
- ▶ Pedagogmøter
- ▶ Gruppemøter
- ▶ Månadsbrev
- ▶ Foreldresamtalar

6.4 Dokumentasjon

Dokumentasjon skal synleggjere korleis barnehagen arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet inngår i barnehagen sitt arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Det etiske er viktig ift dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn.

Rutinar i høve dokumentasjon:

- Kommunikasjon og dokumentasjon via Vigilo: Barnehagen nyttar Vigilo som eit digitalt verktøy for kommunikasjon med føresette og dokumentasjon av kvardagen. Nyheiter med anonymiserte bilete og tekst om aktivitetar og opplevingar blir sende ut fleire gonger i veka.
- Synleggjering av prosjekt: Barna sine prosjekt og aktivitetar blir dokumenterte og synleggjorde gjennom tekst og bilete, slik at føresette får innblikk i det pedagogiske arbeidet.
- Pedagogisk planlegging: Pedagogane publiserer pedagogiske planar i Vigilo. Desse fungerer både som informasjon om planlagde aktivitetar og som dokumentasjon av det pedagogiske innhaldet.
- Månadsbrev: Månadsbrev inneheld tekst og bilete som illustrerer barna sine opplevingar og gir eit samandrag av aktivitetane i perioden.
- Foreldresamtalar: Barnehagen tilbyr to foreldresamtalar i året, med moglegheit for fleire ved behov.
- Dagleg dialog: Samtalar ved henting og levering er ein viktig arena for å formidle beskjedar og dele inntrykk frå barna sin kvardag.

7. Satsingsområder 2026-2027

7.1. Inkluderande barnehagemiljø

Inkluderande barnehagemiljø er satsingsområde for Ulstein-barnehagane i tida framover.

Eit inkluderande barnehagemiljø er avgjerande for at alle barn skal oppleve tryggleik, tilhøyrslø og meistring i kvardagen. Gjennom kap.8 i Barnehagelova, som omhandlar det psykososiale barnehagemiljøet, står det i § 42 at barnehagen har plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Ved mistanke om eller kjennskap til at barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarast undersøke saken.

Leiken står sentralt i dette arbeidet. Gjennom leik får barna utfalde seg, utforske relasjonar og utvikle både språk og sosial forståing. Ved å arbeide målretta med desse områda, kan barnehagen vere ein trygg og utviklande stad for alle barn - uavhengig av bakgrunn, språk eller føresetnader. Eit inkluderande miljø handlar ikkje berre om å vere saman, men om kjensla av å høyre til.

I Høddvoll barnehage skal vi legge til rette for utvikling av vennskap og at alle skal føle seg som ein del av eit fellesskap.

Dei vaksne skal vere tett på for å rettleie barn i forhold til vennskap og positive relasjonar som verkar forebyggjande mot negativ åtferd som for eksempel ekskludering. Det er viktig å engasjere foreldre/føresette til å delta aktivt i barnehagefellesskapet. Alle foreldre/føresette i barnehagen er viktige ressursar inn mot eit inkluderande barnehagemiljø.

A photograph showing children playing in a snowy outdoor environment. In the foreground, a child in a grey raincoat with cloud patterns and a red hat is reaching for a stick. To their left, another child in a yellow and blue raincoat is visible. A blue toy car and other small toys are scattered on the snow. A third child in blue pants is partially visible at the top. The background is a snowy field with some dry grass and sticks.

7.1.1 Leik

Leiken er barnets eigen måte å utforske verda på, prega av fantasi, glede og frivillig deltaking. Den har ein sentral plass i barnehagen, både som læringsarena og som uttrykk for barnets livsform. Leik for leikens skuld er viktig fordi den gir rom for fridom, eigarskap og kreativ utfolding - utan krav om mål eller nytte. Samstundes fremjar leiken sosialt samspel, språkleg utvikling og emosjonell kompetanse, og gir barna erfaring med samarbeid, konfliktløysing og å uttrykkje egne kjensler.

I Høddvoll barnehage arbeider vi aktivt for å skape eit inkluderande miljø der alle barn får oppleve tryggleik, vennskap og respekt

7.1.2 Sosial og emosjonell kompetanse

- ▶ Sosial kompetanse er individet si evne til samspel med andre i ulike situasjoner. I barnehagen jobbar vi kontinuerleg med å styrke denne kompetansen, både i her-og-no situasjonar og gjennom temaarbeid på samling. Ved å bygge vidare på det positive og gi barna ros for det dei meistrar, skapar vi tryggleik og motivasjon til å utforske nye utfordringar. Barna får moglegheit til å trene på ferdigheiter som empati, sjølvregulering og samarbeid - eigenskapar som rustar dei for livet.
- ▶ Eit inkluderande barnehagemiljø er kjenneteikna av tryggleik, støtte og fellesskap. Når barna opplever at dei høyrer til og blir verdsette, utviklar dei sosial og emosjonell kompetanse i eit miljø der ulikskap blir sett på som ein styrke. Vaksne i barnehagen har ei sentral rolle som gode rollemodellar, og dei legg til rette for positive relasjonar og anerkjennande kommunikasjon.



7.1.3 Kommunikasjon og språkutvikling:

Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for språkutvikling. Samhandling gjennom kroppsspråk og leik med lydar, er ein vesentleg del av måten det vesle barnet nærmar seg andre menneske på. Vi vaksne må oppfatte og stadfeste uttrykket til barnet, samtidig som vi set ord på inntrykka og opplevingane deira. Dei yngste er avhengige av samspel med vaksne som forstår barna sine forsøk på å kommunisere, både gjennom kroppsspråk, mimikk og gestar. Språket er personleg, identitetsdannande og knytt til kjensler.

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagens innhald. Varierte og rike erfaringar er avgjerande for å utvikle språket og forstå omgrep. Samtale om opplevingar, tankar og følelsar er nødvendig for utvikling av eit rikt språk. Vi vaksne må vere bevisste på å bruke språket aktivt i alle situasjonar, slik at barna skal få gode føresetnadar for språk- og omgrepslæring. Felles opplevingar og aktivitetar gir eit unikt høve til kommunikasjon også mellom barna.

Personalet er viktige som språklege førebilete. Samtalar, høgtlesing og varierte aktivitetar er viktige sider ved barnehageinnhaldet.




Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

- ▶ I Høddvoll barnehage nyttar vi alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) som ein viktig del av det pedagogiske arbeidet med språk- og kommunikasjonsutvikling. ASK omfattar bruk av bilete, symbol, teikn til tale og fysiske gjenstandar, og fungerer som eit supplement til verbal kommunikasjon.
- ▶ Gjennom dagtavler og tematavler integrerer vi ASK aktivt i barnehagedagen. Dette gir barna visuell støtte og struktur, og bidreg til at dei kan delta i kvardagslege aktivitetar og samspel på eigne premisser.
- ▶ ASK fremjar inkludering og gir barna eit funksjonelt språk som styrkar sjølvkjensla og meistringskjensla. I tråd med det allmennpedagogiske barnehagetilbodet, er ASK eit verktøy som sikrar at alle barn får eit tilpassa, meningsfullt og inkluderande barnehagemiljø, uavhengig av språklege føresetnader.



7.1.4 «Jeg vet»

- ▶ **JegVet.no - tryggleik, livsmeistring og barn sine rettar**
- ▶ Satsingsområdet byggjer på JegVet.no og er del av ei kollektiv kompetanseheving i Ulsteinbarnehagane, i samarbeid med RVTS Midt og Høgskulen i Volda. Valet av satsing er basert på kartlegging av kompetansebehov blant dei tilsette. Arbeidet tek utgangspunkt i barn sine rettar, med Barnekonvensjonen som grunnlag, og handlar om tryggleik, livsmeistring og det å gi barna språk for eigen kropp, grenser og kjensler. Målet er å styrkje barna sin tryggleik og bidra til eit inkluderande og trygt barnehagemiljø.



7.2 Natur, helse og rørsle

I Høddvoll barnehage står natur, helse og rørsle sentralt i det pedagogiske arbeidet. Vi er heldige å ha fjell, skog og natur tett inn på oss. Vi har skog og grønsakshage i uteområdet vårt som gir godt grunnlag for desse tre fokusområda vi har valt oss.

Vi legg til rette for at barna skal få ei trygg, aktiv og meningsfull barndomstid der dei utviklar glede over å vere ute, får styrka både kropp og sinn, og lærer å ta vare på seg sjølv og omgivnadene. Gjennom leik, utforsking og gode kvardagsrutinar skapar vi eit miljø der barna får vekse, meistre og kjenne seg verdifulle.

7.2.1 Natur


Barnehagen skal gi barna opplevingar i naturen og utvikle glede over å vere ute. Barna skal få utforske og oppdage naturfenomen, dyreliv og planteliv. Dei skal også lære å ta vare på naturen og utvikle forståing for berekraft og miljø



7.2.2 Helse

► Barnehagen skal fremje fysisk og psykisk helse gjennom gode rutinar, kosthald og kvile. Barna skal utvikle gode vanar for hygiene, kosthald og livsstil. Det skal vere fokus på tryggleik, trivsel og meistring i kvardagen. Barnehagen skal jobbe for at barn skal bli robuste og lære seg å takle og handtere vanskelege og krevjande situasjonar. Det er viktig at barna får støtte og erfaring til å setje ord på følelsane sine.



A photograph of a child running through an obstacle course. The child is wearing a white and black striped shirt and black sneakers. They are running on a paved surface, and there are red loops on the ground that they are jumping over. The background is slightly blurred, showing other children and a paved area.

7.2.3 Rørsle

Barna skal få rikeleg høve til variert fysisk aktivitet kvar dag.

Barnehagen skal leggje til rette for leik, utforsking og utfordringar som styrkjer motorikk og kroppsmedvit, samtidig som at dei skal få kjenne glede over å bruke kroppen sin og utvikle grov- og finmotoriske ferdigheiter.

8 Inkluderande praksis i barnehagen



Inkluderande praksis er eit satsingsområde for alle barnehagane i Ulstein kommune framover.

Målet er å utvikle ein barnehage der alle barn opplever tilhøyrslø, deltaking og anerkjenning - uavhengig av bakgrunn og føresetnader.

Det vert jobba med kompetanseheving på ulike områder, som feks kommunikasjon og språk, MIO (matematikk), mangfald, "Jeg vet" mm

9. Overgangar



Tryggleikssirkelen (COS; Circle of security)

Vi har med oss «Tryggleikssirkelen» når vi jobbar med relasjonar og trygghet for barna. Det er ekstra fokus på denne i dei ulike overgangane barnehagen; tilvenning, overgang til ny avdeling, endringar i dei tilsette og i overgang til skule. Dei treng støtte og omsorg frå dei rundt seg for å gjere gode erfaringar, handtere vanskelege ting og utvikle seg på alle områder.

Modellen hjelper omsorgspersonar med å forstå barnets behov i ulike situasjonar og korleis dei best kan møte desse behova med sensitivitet og å vere til stades.

9.1 Oppstart og tilvenning i barnehagen

Å starte i barnehage for første gong – eller å bytte til ein ny barnehage – er ein stor overgang for barnet. Difor er det viktig at personalet og føresette samarbeider om å finne gode og tilpassa løysingar for tilvenningsperioden. I Høddvoll barnehage legg vi stor vekt på å følgje opp både barn og føresette tett i starten, slik at barnet får ei trygg og god oppleving og kjenner på tilhøyrsløse frå første stund.

Rutinar for trygg oppstart

Tilvenning skjer i tett dialog med føresette og blir tilpassa det enkelte barnet. Vi har etablerte rutinar som skal sikre ein god overgang:

- **Informasjonsmøte før oppstart** for nye barn og føresette.
- **Tilknytingskontakt** blir tildelt kvart barn og følgjer det tett gjennom den første tida.
- **Føresette må setje av god tid** til tilvenning.
- **Tilvenninga startar med besøksdagar** saman med føresette, med gradvis auke i tid og aktivitet.
- **Korte dagar** i starten når barnet er i barnehagen utan føresette.
- **God dialog** mellom føresette og pedagog om tilknytingsfasen og barnets behov.
- **Overgangsobjekt** som bamse, smokk eller koseklut kan vere ein viktig tryggleik i overgangen.
- Ved **byte av barnehage** tilbyr vi overgangssamtale med den nye barnehagen for å sikre kontinuitet og tryggleik.

9.2 Overganger internt i barnehagen

Når eit barn byter avdeling, er det også viktig å legge til rette for at barna får ein god overgang. Rutinane våre skal sikre at barna gradvis vert kjend med nytt personale og andre barn på den nye gruppa. Her kan det også vere ulike behov ift tilvenningstid, og det er viktig med fleksibilitet. Våre rutinar skal sikre gode og positive overganger. Mai og juni er tilvenningsperioden ved interne overganger mellom Mikkel (1-2 åringane) og Klatremus.

9.3 Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skule og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.

Barnehagen skal legge til rette for at barna får med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som gjer dei godt rusta til å begynne på skule.

Leiarane i skule og barnehage i Ulstein Kommune har saman med oppvekstkontoret jobba fram overgangsrutinar som skal sikre god samanheng mellom barnehage og skule. Planen legg opp til fleire møtepunkt og aktivitetar i overgangsfasen mellom førskulebarn og skulen.



Eksempel på aktivitetar i overgang frå barnehage til skule:


- ▶ Rektor deltek på foreldremøte i barnehagen eitt år før skulestart, for å skape tryggleik og informere om overgangen.
- ▶ Femårsklubben arbeider med førskuleopplegget "Trampoline", som førebur barna på skulekvardagen gjennom lek og læring.
- ▶ Barna besøker skulen fleire gonger i løpet av det siste barnehageåret, for å bli kjende med miljøet og dei vaksne.
- ▶ Førskuledag vert arrangert der barna deltek saman med barnegruppa og personale frå barnehagen.
- ▶ Fadderbarn frå skulen kjem på besøk til barnehagen, og skapar kontakt og tryggleik mellom barna.
- ▶ Styrar og rektor har møte for å sikre god overføring av informasjon frå barnehage til skule.
- ▶ Pedagogisk leiar og kontaktlærar møtest for å drøfte barnets behov og tilrettelegging i overgangen.

10 Samarbeid

10.1 Samarbeid mellom heim og barnehage

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1. Barnehagen skal vareta foreldre/føresette sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med dei, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra/føresette og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

10.2 BTI - Betre tverrfagleg innsats



Ulstein kommune har dei siste åra hatt fokus på samarbeid på tvers av etatar for å kunne gi betre og meir samordna tenester. Barnehagen er ein viktig arena for tidleg innsats - der ein kan førebyggje, fange opp og følgje opp ulike utfordringar som barn møter i kvardagen.

BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats) er eit nyttig verktøy for å styrkje samhandlinga mellom dei ulike tenestene kommunen tilbyr. Gjennom BTI-fagdagar blir laget rundt barna styrka - både fagleg og relasjonelt.

Når barnehagen søker hjelp og støtte frå andre instansar, skjer dette alltid i samarbeid med og etter samtykke frå føresette. Alle tilsette er underlagt teieplikt og opplysningsplikt i tråd med Lov om barnehagar §§ 21-23. Samtykke skal alltid hentast inn ved deling av informasjon.

Viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet er helsestasjonen, PPT, BUP, logoped, barnevern og andre relevante instansar.

Kjelder det er referert til i dokumentet:

- ▶ *Barnehagelova*
- ▶ *Rammeplan for barnehagen*
- ▶ *Autoritativ voksenrolle: Nordal og Hansen*
- ▶ *Mat og måltid i barnehagen, nasjonal fagleg retningslinje, rettleiar frå Helsedirektoratet (2021).*
- ▶ *Utdanningsdirektoratet*
- ▶ *Jakten på den gode barndom, lekende og inkluderende miljøer i barnehagen: Kari Pape*
- ▶ *KI*